

ORIENTERING OM DUGNAD I SEIM BARNEHAGE:

I fylge vedtektene for Seim barnehage, forpliktar alle andelseigarar seg til å utføre:

- 10 t dugnad pr barnehageår (5 t for einslege forsørgarar)
eller
- Betale seg "fri" for utføring av dugnad. Satsen for ein dugnadstime er kr 400,-.

Du har sjølv ansvar for å melde frå til adm. om du er einsleg forsørgar og skal ha ½ dugnad.

Rutinar ift dugnad:

- 1) Du må betale inn verdien av dugnadsmengda di, på førehand (dvs kr 400,- pr time x 10 t eller 5 t). Halve beløpet får du rekning på i oktober og resterande halve beløpet i februar. Dette gjeld også for dei som har faste dugnadsoppgåver gjennom året.

Minst halvparten av dugnadstimane må utførast på hausten innan 31.12 og resten på våren innan 30.06. Dersom halve dugnadsmengda ikkje vert utført innan 31.12, kan du ikkje overføre rest-timar til våren. Verdien av evt resttimar vert då rekne som frikjøp av dugnad.

Utføre du meir enn halv dugnadsmengde på hausten, kan ekstra timane overførast til vår.

Evt resttimar som du ikkje har nytta innan 30.06, vert også rekna som frikjøp av dugnad.

- 2) Dugnadsoppgåver som barnehagen treng å få utført, vert «kunngjort» på sms eller epost til alle foreldra. Ynskjer du å ta på deg ei av dugnadsoppgåvene, tek du kontakt med styrar snarast og avklarar dette. Førstemann til mølla....
- 3) Etter utført dugnad, må du skrive på ein dugnadslapp, med kva du har gjort, timetal du har brukt og signaturen din. Den skal leverast til kontoret like etter utført dugnad.
- 4) Når kontoret har fått din dugnadslapp, får du ved neste fakturering tilbakebetalt dei timane du har jobba, etter timesats: kr 400,-
- 5) Utfører du meir enn 10 t dugnad eit år, får du desse timane overført til neste barnehageår, som fråtrekk i «dugnadskvoten» din for neste bhg.år.
- 6) Andelseigarane og barnehagen har ei gjensidig plikt til å ta kontakt med kvarandre i høve utføring av dugnad. Andelseigarar som ikkje sjølv har tatt kontakt med barnehagen og ikkje har stilt opp på dugnad når barnehagen har vore i kontakt med dei, vil ikkje få tilbakebetalt evt innestående dugnadsbeløp ved slutten av barnehageåret.
- 7) Representantar i barnehagen sitt styre er fritatt for dugnad i den perioden dei sit i styret. Dei som sit i bhg. sin valkomite får godskrive 2 t dugnad kvart år for sitt arbeide der.
- 8) Manglande innbetaling av dugnadsverdi vil kunne medføre oppseiing av plass. Det er dagleg leiar som har ansvaret for dugnad i samarbeid med styret.

Det kan verte kalla inn til fellesdugnad i løpet av året.

Har du spørsmål?

Ta kontakt med styrar : Janka Vie Seljeseth tlf 95 18 70 94